



# **TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR TYSNES KOMMUNE**

## **2017 – 2024**

**UTKAST TIL PLANPROGRAM**

# Planprogram Kommunedelplan for trafikksikring 2017 – 2020/2024. Tysnes Kommune

## 1. Innleiing

### 1.1. Bakgrunn

Tysnes Kommune har starta arbeidet med trafikksikringsplan. Planen skal utarbeidast for perioden 2017 til 2024 med spesiell fokus på 4-års perioden 2017 til 2020. Planen skal på bakgrunn av registrerte data om uhell, ulukker og spørreundersøkingar gi føringar på trafikksikringsarbeidet i kommunen dei neste 8 åra og med konkrete tiltaksplanar for fyrste fire åra.

### 1.2. Lovgrunnlag

Kommunedelplan for trafikksikring har status som tematisk delplan til kommuneplanen, men utan heimel til bindande arealdisponeringar. Planen kan gi tilrådingar om arealdisponeringar til kommuneplanen sin arealdel.

### 1.3. Føremålet med planen

Føremålet med ein kommunal trafikksikringsplan er å leggja grunnlaget for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. TS-planen er eit overordna grep for å få talet på ulykker ned og auka tryggleiken i trafikken. Planen skal og gje ein oppdatert gjennomgang av dei utfordringar ein har i Fusa trafikken, og påverka aktørar til å delta aktivt i arbeidet med trafikktryggleik. Fokus på trafikksikring er først og fremst viktig for å redusera konsekvensane ved ulukker, med alvorlege skader og tap av liv. I tillegg fører trafikkulykkene med seg store samfunnskostnader. TS-planen skal presentera utfordringar, målsetjingar og prioriteringar for trafikksikringsarbeidet i kommunen, med utgangspunkt i dei økonomiske rammer som er lagt i kommunen sine budsjett.

## 2. Føringar

### 2.1. Nasjonale, regionale og lokale mål og føringar

Stortinget vedtok i høve handsaminga av Nasjonal transportplan ein nullvisjon, med mål om eit transportsystem som ikkje fører til tap av liv eller varig skade. Nullvisjonen er det berande elementet for arbeid med trafikksikring i Noreg. Som ein naturleg konsekvens av nullvisjonen skal ein fokusera på satsingsområde som har størst verknad i høve til ulykker.

Barn og unge er eit hovudfokus i nasjonalt og regionalt trafikksikringsarbeid. Barn sin skuleveg involverer mange, og det er viktig å førebyggja ulukker og utryggleik samt at ein i ung alder arbeider med å få lagt til rette for gode haldningars. Trygge oppvekstforhold for barn og unge er viktige satsingsområde i kommunen og arbeidet med trafikksikring må ha fokus på dette.

Folkehelseperspektivet skal bli varetatt i all kommunal planlegging, og planlegging etter plan- og bygningslova skal fremja befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskjellar. Universell utforming er nedfelt i plan- og bygningslova si formålsparagraf § 1, og er vidare eitt av fire hovudmål i Nasjonal Transportplan (NTP) 2010-2019. Styrande dokument og planar etter plan- og bygningslova må gjera greie for korleis universell utforming skal bli varetatt der dette er mogeleg.

Tysnes kommune sin arealdel til kommuneplanen gjeld for perioden 2010 – 2022 og vil dermed vera gjeldande for fyrste del av planperioden til trafikksikringsplanen (2017 – 2020) i andre del av planperioden vil trafikksikringsplanen kunne gi gode innspel til mogelege arealdisponeringar i arbeidet med ny arealdel.

Nasjonale, regionale og lokale føringer vert skildra i ei rekke dokument. Av dei viktigaste kan ein nemna:

- Nasjonal transportplan
- Statens vegvesen sitt handlingsprogram
- Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017
- Regional transportplan for Hordaland
- Kommuneplanen sin arealdel
- Ulukker i Noreg. Nasjonal strategi for førebygging av ulukker som medfører personskade

## 2.2. Ansvarsdeling i trafikksikringsarbeidet

Det er fleire forvaltningsnivå og organisasjoner som har ansvar for gjennomføring av trafikksikringstiltak i kommunen.

- Tysnes kommune

Kommunen har eit særleg ansvar for trafikksikring blant sine ansatte og innbyggjarane i kommunen. Mellom anna har ein ansvar for at trafikksikring alltid er eit tema når kommunen planlegg, byggjer og godkjenner tiltak i tilknyting til vegsystemet. Teknisk drift har ansvar for drift, vedlikehald og fysiske trafikksikringstiltak på det kommunale vegnettet. I tillegg bør eining for undervisning og barnehage har ansvar for ikkje fysiske tiltak retta mot skule og barnehage.

Samarbeid mellom skule, barnehage, lensmann og Trygg Trafikk er viktig i denne samanhengen.

- Hordaland fylkeskommune

Ifølgje Vegtrafikkloven § 40a har fylkeskommunen "et ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket". I Hordaland er Samferdselsutvalet fylket sitt trafikksikringsutval. Fylkeskommunen har det overordna ansvar i saker som gjeld fylkesvegane, der fylkeskommunen er bestillar og Statens vegvesen utførar. I saker som angår fylkesvegar er Regionvegsjefen underlagt fylkeskommunen.

- Statens vegvesen

Vegvesenet har ansvar for at ferdsla på riks- og fylkesvegar er trygg for alle trafikantgrupper. Dei planlegg, byggjer og har ansvar for vedlikehald på desse vegane. Tilknyting av avkjørsler til desse vegane vert regulert av Statens vegvesen. Vegvesenet har også ansvaret for planlegging og bygging av gang- og sykkelvegar langs sitt vegnett samt ansvar for kontroll av køyretøy, kontroll av køyre- og kviletid og bilbeltekontroll.

- Lensmannskontoret

Lensmannskontoret har ansvar for kontrolltiltak overfor trafikantane, særleg når det gjeld fart og køyring i ruspåverka tilstand. I tillegg har etaten eit ansvar for førebyggjande tiltak overfor trafikantane, med hovudvekt på dei yngste. Slike tiltak vert utført i samarbeid med skulen.

- Trygg Trafikk

Trygg Trafikk har eit særskilt ansvar for trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik, og skal stimulera det frivillige trafikksikringsarbeidet i kommunane. Dei kan yta fagleg bistand til mellom anna barnehagar og skular gjennom kampanjar, kurs og materialetilbod.

## 3. Utvikling innan uhell og ulukker i kommunen

Hovudutfordringa i trafikksikringsarbeidet er å redusera tal, omfang og alvorsgrad på ulukker. For å møta dette med prioriteringar og tiltak, er ein avhengig av god dokumentasjon av forholda knytt til ulukker.

I planprosessen vil det bli laga detaljert oversikt over data om ulukker og uhell frå trafikken i kommunen og ein vil gjennomføre spørjeundersøkingar for å få kartlagt utryggleiken.

## **4. Status frå førre plan**

I førre plan var det tiltakslistar retta både mot fysiske tiltak og ikkje fysiske tiltak knytt til dei ulike delane av vegnettet. I revidert plan vil ei kartlegge status frå førre plan og om nødvendig diskutere tiltak for å auke gjennomføringsevna på tiltak som ikkje er gjennomførte.

## **5. Tema i kommunedelplan for trafikksikring 2017 - 2024**

I planprosessen vil ein drøfta følgjande tema:

- Visjon og målsetningar
- Gjennomgang av registrerte ulukker og uhell dei siste 10 åra
- Gjennomføre spørjeundersøkingar mot skular, oppvekstsenter, barnehagar, lag- og organisasjonar.
- Diskusjon om haldningsskapande arbeid.
- Drøfte ikkje fysiske tiltak og koreleis ein best kan forankre desse slik at ein er sikra gjennomføring av tiltaka.
- Drøfte fysiske tiltak
- Planen ender opp med konkret forslag til fysiske og ikkje fysiske tiltak for perioden 2017 – 2020 og perioden 2021 – 2024.
- Metode og prosess knytt til rullering av planen. Særleg handlingsprogrammet.

## **6. Planprosess og medverknad**

### **6.1. Organisering av arbeidet**

Planarbeidet vert leia av eining for Forvaltning.

I arbeidsgruppa deltek:

- Einingsleiar for Teknisk Drift/Brann
- Representant for Fusa og Tysnes Lensmannskontor
- Representant for Statens Vegvesen
- Representant for Trygg trafikk.
- Representant for born og utdanning i Tysnes Kommune

Andre viktige aktørar i planarbeidet vil vere Skyss og transportnæringa i kommunen,

### **6.2. Medverknad**

Planprogrammet og kommunedelplan for trafikksikring vert sendt på offentleg høyring i seks veker kvar. I tillegg vil alle lag- og organisasjonar verte invitert til å komme med sine innspel til planarbeidet. Ta sikte på å halde eit felles folkemøte med info og moglege innspel, det vert ikkje lagt opp til møte i kvar bygd.

### **6.3. Framdriftsplan**

Ein tek sikte på at planprogrammet vert lagt ut på høyring hausten 2016 og vedteke seinhausten 2016.

Grunna krav om at både planprogram og planframlegg har 6 vekers høyringsfrist, kan trafikksikringsplan forventast klar til vedtak feb./mars 2017.